



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 15.09.2015  
**Møtetid:** 15:00 - 15:55  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 10 medlemmer møtte 10, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Björg Tvedterås (Fagforbundet)	Mette Aldal (Fagforbundet)

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Rådmann Tone Ramsli under heile møtet
Sektorleiar Jan Erik Boge under heile møtet

<b>Møteleiar:</b>	Marit Aase (Krf)
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

<b>Merknader:</b>
Hilde Maraas Aarvik har overteke som hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet og erstattar derfor Toralf Enes som medlem i administrasjonsutvalet. Dette var det første møtet Aarvik deltok på i utvalet.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<u>Nytilsetjingar ved løns- og personalkontoret</u> Tone Ramsli orienterte om at det er tilsett ny personalsjef, Knut Kjeilen. Han startar i stillinga 21.09.2015. Det er òg nyleg tilsett ny løns- og personalkonsulent, Marlena Jaszewska. Ho starta i stillinga i slutten av august.
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<u>Løn til hjelpepleiarar i barnehage</u> Mette Aldal (Fagforbundet) viste til at Fagforbundet Samnanger har fått gjennomslag for hjelpepleiarløn for to barnehagetilsette som har hjelpepleiarutdanning. Ho spurde om dette òg vil gjelda for andre barnehagetilsette med tilsvarande utdanning. Det vil koma opp sak om dette på neste møte i administrasjonsutvalet.

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 17.06.2020

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/15	15/716	Faste saker	
004/15	11/17	Endring i Arbeidsmiljølova - Utvida adgang til tidsavgrensa mellombels tilsetjing	
005/15	14/285	Evaluering av kommunen sine tilsetjingsvedtekter og -rutinar	

**SAKNR. 003/15**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**15.09.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 i møteprotokollen for informasjon om kva tema/saker som vart tekne opp under "Orienteringar/meldingar" og "Utvalet sitt kvarter".

Samrøystes vedtak.

**ADM-003/15 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 004/15**

**ENDRING I ARBEIDSMILJØLOVA - UTVIDA ADGANG TIL TIDSAVGRENSA  
MELLOMBELS TILSETJING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Stortinget har med verknad frå 01.07.2015 innført ein ny unntaksheimel frå hovudregelen i arbeidsmiljølova om at arbeidstakarar skal tilsetjast fast. Etter den nye unntaksheimelen (§ 14-9, første ledd, bokstav f), er det gitt utvida høve til mellombels tilsetjing for ein periode på opptil 12 månader utan særskilt grunngjeving. Ein del kommunar og fylkeskommunar har gjort vedtak om at dei ikkje vil nytta seg av den nye unntaksheimelen, men følgja dei reglane om mellombels tilsetjing slik gjaldt i Arbeidsmiljølova før 01.07.2015. Det vert ikkje gjort slikt vedtak i Samnanger kommune.

Samnanger kommune skal ha fokus på at hovudregelen i Arbeidsmiljølova er at arbeidstakarar skal tilsetjast fast. I ein del tilfelle er det likevel behov for å bruka mellombels tilsetjing. Arbeidsmiljølova § 14-9 listar opp dei heimlane som finst for å bruka mellombels tilsetjing. Samnanger kommune vil forhalda seg til desse heimlane, slik dei står i lova.

**15.09.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Nei til mellombelse tilsetjingar*

*Regjeringa har foreslått, og eit fleirtal i Stortinget har vedteke store endringar i arbeidsmiljølovens bestemmelser om mellombelse tilsetjingar.*

*Samnanger kommune meiner dette vil føre til større usikkerhet for mange arbeidstakarar og deiras personlege økonomi.*

*Vedtaket vil i praksis bety at alle tilsetjingar kan vere mellombelse i 12 månader.*

*Samnanger kommune vil følgje gammal ordning i AML paragraf 14-9 når det gjeld mellombelse tilsetjingar.*

Birthe Skar-Moum sitt framlegg fekk 8 røyster og vart vedteke. Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster.

Følgjande representantar røysta for Birthe Skar-Moum sitt framlegg:

- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Brigt Olav Gåsdal (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Eva Hellevang (H)
- Oddrun Lemme Sandvin (Fagforbundet)
- Mette Aldal (Fagforbundet)
- Hilde Maraas Aarvik (Utdanningsforbundet)

Følgjande representantar røysta for rådmannen sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)
- Gunnar Bruvik (Frp)

Jan Erik Boge bad om avklaring på om saka skal vidare til kommunestyret. Det var semje i administrasjonsutvalet om at saka ikkje skal vidare til kommunestyret.

#### **ADM-004/15 VEDTAK:**

##### Nei til mellombelse tilsetjingar

Regjeringa har foreslått, og eit fleirtal i Stortinget har vedteke store endringar i arbeidsmiljølovens bestemmelser om mellombelse tilsetjingar.

Samnanger AP meiner dette vil føre til større usikkerhet for mange arbeidstakarar og deiras personlege økonomi.

Vedtaket vil i praksis bety at alle tilsetjingar kan vere mellombelse i 12 månader.

Samnanger kommune vil følgje gammal ordning i AML paragraf 14-9 når det gjeld mellombelse tilsetjingar.

## EVALUERING AV KOMMUNEN SINE TILSETJINGSVEDTEKTER OG -RUTINAR

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Administrasjonsutvalet tek utgreiinga av kommunen sine tilsetjingsvedtekter og –rutinar til orientering. Utgreiinga skal brukast som del av grunnlaget ved neste revisjon av personalvedtektene.

Forslaga til endringar i dei tre siste avsnitta i punkt 6 i utgreiinga, bør gjennomførast så snart som mogleg.

### **15.09.2015 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Administrasjonsutvalet tek utgreiinga av kommunen sine tilsetjingsvedtekter og –rutinar til orientering. Utvalet ønskjer likevel at det nye kommunestyret arbeider vidare med sikte på at folkevalde skal ha ei aktiv rolle i tilsetjingar av leiarar i kommunen. Utgreiinga skal brukast som del av grunnlaget ved neste revisjon av personalvedtektene og delegeringsreglementet.*

*Forslaga til endringar i dei tre siste avsnitta i punkt 6 i utgreiinga, bør gjennomførast så snart som mogleg.*

Rådmannen sitt framlegg 7 røyster og vart vedteke. Øyvind Røen sitt framlegg fekk 3 røyster.

Følgjande representantar røysta for rådmannen sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Eva Hellevang (H)
- Oddrun Lemme Sandvin (Fagforbundet)
- Mette Aldal (Fagforbundet)

Følgjande representantar røysta for Øyvind Røen sitt framlegg:

- Øyvind Røen (Sp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Hilde Maraas Aarvik (Utdanningsforbundet)

### **ADM-005/15 VEDTAK:**

Administrasjonsutvalet tek utgreiinga av kommunen sine tilsetjingsvedtekter og –rutinar til orientering. Utgreiinga skal brukast som del av grunnlaget ved neste revisjon av personalvedtektene.

Forslaga til endringar i dei tre siste avsnitta i punkt 6 i utgreiinga, bør gjennomførast så snart som mogleg.

